

Vår ref.: 2017000156-11/2019015118 Arkiv: N - 245 Dato: 30.10.2019

RAPPORT OM ARBEIDET MED PROSJEKTET KARTLEGGING AV VERDISSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDER I SVEIO KOMMUNE

Innleiing

Sveio kommune har kartlagt og verdisett friluftslivsområder i kommunen i perioden 2017-2019. Bakgrunnen for arbeidet er eit nasjonalt prosjekt i regi av Miljødirektoratet, med utgangspunkt i den nasjonale strategien for eit aktivt friluftsliv.

Vi skal sikre friluftslivsområda for brukarane i dag og i framtida, vi skal ivareta og utvikle god tilgang til friluftslivsområde og vi skal ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv. For å få til dette må vi identifisere, utvikle og ta vare på areal for friluftsliv. Då er der først og fremst viktig å få ei oversikt over kva friluftslivsområder som eksisterer.

Metode

Ei arbeidsgruppe med faste medlemmar frå plan og næringsavdelinga og kulturavdelinga, har med hjelp av skuleelevar, frivillige lag og organisasjonar, jobba med prosjektet. I tillegg har fleire privatpersonar med god kjennskap om temaet i dei ulike delane av kommunen vore med i kartleggingsarbeidet ved behov.

Resultat

Lista over friluftslivsområde er ikkje nødvendigvis uttømmende, men viser områder som born, unge og vaksne i Sveio meiner er verdifulle for leik, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det er viktig å merke seg at det er «no-sitasjon» som er kartlagt, friluftslivsområda våre er i stadig endring.

Dei kartlagde og verdisette friluftslivsområda er fordelte på områdetyper: grønkorridor, leike- og rekreasjonsareal, strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, store turområde utan tilrettelegging, særlege kvalitetsområde, nærturterreng, utfartsområde, andre friluftsområde, jordbrukslandskap og marka.

Dei kartlagde friluftslivsområda er verdisette slik:

Svært viktig friluftslivsområde – verdi A (markert med djup rosa i kartet i Naturbase)

Viktig friluftslivsområde - verdi B (markert med lysare rosa i kartet i Naturbase)

Registrert friluftslivsområde – verdi C (markert med heilt lys rosa i kartet i Naturbase)

Sjå kartet: www.naturbase.no, vel *Fylke og kommune*, så *Friluftliv* under *Kartlag*. Under *Friluftsliv* kan *Kartlagte friluftslivsområder* verdi/type veljast.

Prosjektet har resultert i eit kart og det vil bli utarbeida eit dokument med tilhøyrande dokumentasjon om kvart område i nær framtid.

Bruk

Kartet er ikkje eit turkart, men skal primært nyttast som eit verktøy og kunnskapsgrunnlag i den offentlege planlegginga og forvaltninga. No har vi identifisert kva friluftslivsområde vi har, og ikkje har, og skal bruke denne kunnskapen til å utvikle og ta vare på areal for friluftsliv. Områda er likevel ikkje å sjå på som «bandlagde».

I tillegg håper vi også innbyggjarar, tilreisande, lag og organisasjonar kan finne nytte av informasjonen i kartet.

Kartet med tilhøyrande informasjon er ikkje juridisk bindande, og vi står difor nokså fritt i høve til revidering. Behovet for revidering vil i framtida bli drøfta på same tid som kommunen sin arealdel skal reviderast. I tillegg vil kartet med tilhøyrande informasjon kunne reviderast fortløpande dersom direkte feil eller manglar vert oppdaga.

Marit Persen Liknes
Rådgjevar